

Innkalling til møte i Partssamansett utval (PSU)

Ullensvang kommune

Dato: 10.10.2017

Tid: kl. 12.00 – 15.00

Stad: Kommunestyresalen i Odda

- Sak 1 godkjenning av innkalling og underteikning av protokoll
- Sak 2 konstituering av partssammensatt utvalg
- Sak 3 referatsaker
- Sak 4 møteplan for 2017
- Sak 5 innhold i partssammensatt utvalg – drøfting
- Sak 6 frikjøp for tillitsvalgte som deltar i prosjektarbeidet med nye Ullensvang – drøfting
- Sak 7 innhold i prosjektplanen – drøfting

Ingjerd Alstad
midlertidig prosjektleiar

Sak 1: Godkjenning av innkalling / undertekning av møtebok

Saksutgreiing:

Partssamansett utval skal godkjenne innkallinga til dagens møte og velje 2 representantar til å skriva under møtebok frå møtet i dag.

Tilråding:

Partssamansett utval godkjenner innkallinga og vel Grethe Hamre og Terje Mikkelsen til å skriva under møteboka.

Sak 2: Val av leiar og nestleiar til partssamansett utval

Saksutgreiing:

Jamfør Inndelingslova §26, 2. ledd og Kommuneleva § 25 i Inndelingslova har kommunane Jondal, Odda og Ullensvang oppretta eit partssamansett utval, som skal handsama saker som gjeld tilhøvet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Partssamansett utval består av 15 medlemmar; 9 folkevalde representantar og 6 representantar for dei tilsette. Dei 9 folkevalde medlemmane, 3 frå kvar kommune/herad, blei valde i møte i herads- og kommunestyremøta den 28. august då. Dei 6 tillitsvalde medlemmane er valde av og blant dei tilsette, 2 frå kvar kommune/herad.

Utvalet skal sjølv velje leiar og nestleiar. Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i faste utval gjeld elles tilsvarande. Under saka om val av leiar og nestleiar i fellesnemnda, den 13.09.2017 sak 001/17 vert det held fram at det i arbeidet med å bygge ein ny kommune vil vera ein fordel å fordele verva som leiar og nestleiar i fellesnemnda og leiaren i partssamansett utval mellom ordførarane i dei tre kommunane. Det vil sikra kontinuitet og samhandling i arbeidet. Ordførar i Odda kommune er leiar i fellesnemnda og ordførar i Ullensvang herad er nestleiar. Under handsaminga i fellesnemnda vert det held fram at det då vil vera naturleg at partssamansett utval vel ordførar i Jondal, Jon Larsgaard, til leiar. Arbeidsutvalet består av dei tre ordførarane.

Tilråding:

1. Partssamansett utval for Nye Ullensvang vel desse medlemmane til leiar og nestleiar av utvalet:

Leiar: _____

Nestleiar: _____

Ingen innstilling.

Sak 3: Referatsaker

Saksutgreiing:

Til kvart møte vert det lagt fram aktuelle dokument og/eller saker til orientering for utvalet. Til dette møtet gjeld det protokoll frå møtet i fellesnemnda den 13.09.2017.

Tilrådning:

Refererte saker vert teke til orientering.

Vedlegg:

Protokoll frå møtet i fellesnemnda 13.09.2017.

Sak 4: Møteplan for partssamansett utval 2017

Saksutgreiing:

Partssamansett utval er satt saman av 9 representantar frå fellesnemnda og 6 representantar for dei tilsette. Utvalet skal handsama saker som gjeld tilhøvet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Det er et omfattande ansvarsområde og det må difor påreknast omfattande aktivitet i også i partssamansett utval. Det vil sannsynlegvis vera behov for nokså tett møtefrekvens gjennom heile prosjektperioden.

Midlertidig prosjektleiar tilrår at det vert halde møte i partssamansett utval kvar månad, gjennom hausten 2017.

Forslag til møteplan for partssamansett utval for 2017:

Tirsdag 7. november

Tirsdag 5. desember

Tilråding:

Forslag til møteplan for 2017 for partssamansett utval godkjennes.

Sak 5: Innhald i partssamansett utval – drøfting

Saksutgreiing:

Den 28. august vedtok herads- og kommunestyrene i Ullensvang, Jondal og Odda mandat for fellesnemnda for nye Ullensvang kommune. Her gjentakast det som er relevant frå pkt 6 i det vedteke mandatet, kva angår innhaldet i partssamansett utval:

Utvalet skal handsama saker som gjeld tilhøvet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

Utvalet skal uttala seg i saker som gjeld overordna personalpolitiske spørsmål, retningslinjer og planar i samband med kommunesamanslåinga.

Partssamansett utval skal handsama prosessen for tilsetjing av prosjektleiar, ny rådmann og øverste administrative leiing. Tillitsvalde skal inkluderast på ein god måte.

I dette første PSU-møtet bør vi bruke tid på å avklare forventningar til kvarandre framover og diskutere nærare kva type saker vi skal ta opp i organet framover. Drøftinga må også sjåast i samanheng med dei prinsippa som er vedteke for prosjektarbeidet i dokumentet *Prinsipp for – samarbeid, samordning og gevinstrealisering fram mot 2020*.

Midlertidig prosjektleiar anbefalar at PSU kan ta utgangspunkt i følgjande til drøftinga:

- Utvalet skal handsame saker som gjeld forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og tilsette, jamfør Kommuneleva §25, Inndelingslova §26 og Hovudavtalen.
- Utvalet skal gi uttale i saker som vedkjem overordna personalpolitiske spørsmål, retningslinjer og planar i samband med kommunesamanslåinga.
- Partssamansett utval skal gje tilråding til fellesnemnda i saker som gjeld:
 - bemanning og organisasjon
 - tilsetjing av prosjektleiar/ny rådmann og øverste administrative leiing
 - årsbudsjett
 - bevilgningar til kompetanseutvikling, rekrutteringstiltak, mv.
 - reglement og prosedyre knytt til nye Ullensvang som arbeidsgjevar
 - samansetning og reglement for administrasjonsutval i ny kommune i god tid før 01.01.2020

I tillegg til handsamling av saker i PSU er det viktig å avklare korleis informasjons- og drøftingsplikta skal ivaretakast:

- Prosjektleiar/ny rådmann for nye Ullensvang informerer og drøfter med tillitsvalde i samsvar med Hovedavtalen § 1-4 Omorganisering:

Arbeidsgiver skal så tidlig som mulig informere, drøfte og ta de tillitsvalgte med på råd når det gjelder:

 - *omorganisering/omlegging av driften*
 - *rasjonalisering/driftsinnskrenkning som kan få sysselsettingsmessige konsekvenser*
 - *informasjonsprosedyrer, sammensetningen av ad hoc-grupper, bestemmelser om tidsplan, prosedyrer ved nedbemanning/opsigelse, prosedyrer ved utlysning/kunngjøring av nye stillinger og mulige alternative løsningsmodeller ved avgang (som f.eks. bruk av AFP, utdanningspermisjon/ stipend, etterlønsordning).*
- Inntil rådmann for nye Ullensvang er tiltrådt, vert denne informasjons- og drøftingsplikta handsama av midlertidig prosjektleiar og rådmennene i kvar enkelt kommune. Dette kan også løysast med å gjennomføre felles drøftingsmøte mellom

personalsjefar/personalansvarlege og hovudtillitsvalde i dei tre kommunane. Inntil no er informasjons- og drøftingsplikta blitt handsama av rådmennene i kvar enkelt kommune.

Spørsmål i drøftinga i PSU kan vere:

- Er avgrensinga i denne saksutgreiinga klar nok?
- Bør det i prinsippet informerast om alle saker som skal til AU, eller skal vi klart avgrense?
- Bør det vere eit klart skilje på kva som er informasjonssaker og drøftingssaker?

Tilråding:

Partssamansett utval har drøfta saka og kome fram til følgjande:

Ingen innstilling.

Vedlegg:

Prinsipp for – samarbeid, samordning og gevinstrealisering fram mot 2020

Sak 6: Frikjøp for tillitsvalde som deltek i prosjektarbeidet for bygginga av nye Ullensvang kommune – drøfting

Saksutgreiing:

Etablering av nye Ullensvang, ei kommunesamanslåing for tre kommunar, medfører ein stor omstillingsprosess der det er viktig at dei tillitsvalde vert involvert i prosessane så tidleg som mogleg. Tillitsvalde og verneombod skal ha ein sentral plass i samanslåingsprosessen. Den administrative organiseringa skal gjennomførast ved ein inkluderande prosess i nært samarbeid med dei tillitsvalde og dei tilsette. Omstillingsprosessen bør i størst mogleg grad vere ryddig og konstruktiv. Tilsette sitt behov for relevant og aktuell informasjon er ekstra stor i ein slik prosess. Det inneber at tillitsvalde også har behov for meir tid til kontakt med medlemene, samt til samhandling og informasjonsutveksling tillitsvalde imellom.

Fellesnemnda for nye Ullensvang kommune skal ta stilling til frikjøp av tid for tillitsvalde og verneombod som deltek i prosjektarbeidet for bygginga av nye Ullensvang kommune. Det er fellesnemnda som til sist fastset omfanget av frikjøp. Før fellesnemnda gjer endeleg vedtak i denne saka, ber dei om at partssamansett utval handsamar saka. Innstillinga herifrå vil utgjera eit viktig grunnlag for avgjerda i fellesnemnda.

I møte den 13. 09.2017 vert det gjort følgjende vedtak i fellesnemnda, sak 009/17:

FN - 009/17 Vedtak: Fellesnemnda tar stilling til frikjøp av ressursar for tillitsvalde og verneombod etter innstilling frå partssamansett utval . Dette bør om råd er, skje alt på neste møte

Hovudavtalen (HA) mellom dei sentrale partane, er inngått for å skape ei best mogleg ramme for samarbeidet mellom partane – arbeidsgjevar og arbeidstakar. Denne avtalen skal vere eit verkemiddel for å sikre og legge til rette for gode prosessar mellom partane og for ei positiv utvikling av kvalitativt gode tenester i kommunane. Samarbeidet må baserast på tillit og gjensidig forståing for partane sine ulike roller.

I den enkelte kommune er det etablert ei hensiktsmessig tillitsvaldsordning ut frå lokale behov som er tilpassa den lokale organiseringa jf. HA del B § 3-3. Ved ein kommunesamanslåing skal dei lokale parter så tidleg som mogleg drøfte tillitsvaldsordninga og korleis dei tilsette sin medråderett skal ivaretakast jf. HA del B § 3-3 a), b) og c). For å ivareta medråderetten må ein drøfte i kva grad omstillingsprosessen medfører behov for frikjøp av tid for tillitsvalde.

Frikjøp av tid i dette høve, gjeld berre arbeid knytt til samanslåingsprosessen og prosjektorganisasjonen, dvs fram til 01.01.2020. Den rører ikkje ved ordninga for tillitsvalde som er etablert i dei tre kommunane i dag, det er den einskilde kommune sitt ansvar. Frikjøp av tid må likevel sjåast i samanheng med den eksisterande tillitsvaldsordninga i den enkelte kommune sett i forhold til korleis omstillingsprosessen er planlagt gjennomført jf. HA del B § 3-3 j).

Representantar i partssamansett utval (PSU) vert gjeve møtegodtgjersle i tråd med fellesnemnda sitt vedtak om økonomiske vilkår for medlemmer av fellesnemnda, partssamansett utval og andre styre, råd og utval som fellesnemnda opprettar. Representantane representerer alle tilsette i dei tre kommunane og ikkje berre eigne medlemmar. Representantane har ansvar for koordinering, møteførebuing, møter, informasjon og forankring av saker med andre organisasjonar. Ei frikjøpsordning vil ivareta involvering av dei tillitsvalde og verneombod i arbeidsgrupper, utval og eventuelt andre felles møtearenaer.

Frikjøp for tillitsvalde skal i kvar kommune drøftast i møte med arbeidstakarorganisasjonane før det vert fatta vedtak om frikjøp i fellesnemnda.

Det bør leggjast opp til at hovudverneombod som vert involvert i arbeidet på lik line med tillitsvalde vert handsame likt med dei når det gjeld frikjøp.

Det er viktig at ein heile tida tenkjer over kva som er behovet sett i forhold til oppgåver som skal ivaretakast. Ut frå eit slikt perspektiv kan ein vurdere at avtalen om frikjøp av tillitsvalde vert inngått for eitt år, frå hausten 2017 til hausten 2018. Ordninga bør da evaluerast og drøftast på nytt våren 2018. Erfaringer fra nylig gjennomførte sammenslåingsprosessar tilsier òg at det kan være behov for å auke graden av frikjøp gjennom prosjektperioden.

Behovet for representasjon frå fagorganisasjonane i mange forum, krev at fagorganisasjonane sjølv finn ei føremålstenleg organisering på tvers av dei tre kommunane. Det vil vera avgjerande at tillitsvalde som sit i PSU, prosjektgrupper og arbeidsgrupper er tydelege på kven dei representerer i ulike forum; eige forbunde, eigen kommune eller alle tilsette. I tillegg til dette vil det vera behov for å samordna dei tillitsvalde sin innsats mellom dei tre kommunane. Det vil difor vere fornuftig å oppfordra til at det vert oppretta eit felles forum for tillitsvalde for kommunane i nye Ullensvang. Føremålet med forumet er:

- Felles informasjon
- Drøfta på tvers av kommunegrensar og forbund
- Eit forum der prosjektleiar møter tillitsvalde
- Velja representantar inn i prosjektgrupper/arbeidsgrupper

Tilsette sine representantar bør involverast for mykje heller enn for lite. Dei er ein viktig informasjonskanal og bindeledd til dei tilsette.

Partssamansett utval skal gjennom denne saka komme med forslag til korleis ordninga for frikjøp av tillitsvalde skal handsamast. Midlertidig prosjektleiar anbefalar at utvalet blant anna gjer er vurdering ut frå følgjande moment:

- Omfanget av %-vis frikjøpsressurs for å styrke det totale frikjøpet i forbindelse med etableringen av nye Ullensvang vurderes.
- Fordeling av frikjøpsressursane skal drøftast mellom hovudsamanslutningane (LO Kommune, YS Kommune, Unio og Akademikerne kommune).
- Frikjøpsressursen skal legge til rette for medbestemmelse i de partsamansette arbeidsgruppene som blir etablert.
- Frikjøpsressursen skal i den forberedende fase av kommunesammenslåingsprosessen bruke tida på å forankre prosess og mandat blant dei tilsette.
- Ordninga vert finansiert over tilskotet til samanslåingsprosessen.

Tilråding:

Partssamansett utval har drøfta saka og kome fram til følgjande innspel til ordning for frikjøp for/av tillitsvalde og verneombod som deltek i prosjektarbeidet med nye Ullensvang kommune:

Ingen innstilling.

Sak 7: Styringsdokument; prosjektplan og prinsippdokument for samanslåingsprosessen – drøfting

Saksutgreiing:

Vedtaket i fellesnemnda i møte den 13.09.2017, sak 010/17:

1. Fellesnemnda merka seg styringsdokument/prosjektplan og prinsippdokument.
2. Prosjektplan vil bli lagt fram for fellesnemnda til ny handsaming i oktobermøte.
3. Fellesnemnda vil på sitt neste møte drøfta og ta stilling til felles politisk strategi ovanfor fylket og sentrale styresmakter på to område Styrking av statlege arbeidsplasser Styrking av Rv 13 (Brattlandsdalen - Bu) og vegsambandet Odda - Jondal.
4. Fellesnemnda set ned to politiske arbeidsgrupper med ein representant frå kvar kommune i kvar gruppe/utval for å førebu desse sakene og lage innstilling.

Heradsstyret i Ullensvang og kommunestyra i Jondal og Odda har gjennom intensjonsavtalen lagt felles intensjonar som viktig grunnlag for arbeidet med å byggja den nye kommunen. Intensjonsavtalen er difor eit sentralt styringsverktøy i prosessen. Med utgangspunkt i denne avtalen er det i løpet av våren 2017 jobba godt med å utarbeida eit Styringsdokument og Prosjektplan – versjon 1. Dette dokumentet skal gje føringar og retning for prosjektarbeidet fram mot etableringa av nye Ullensvang kommune 2020.

Dokumentet var tenkt vedteke av midlertidig fellesnemnd. Den midlertidige fellesnemnda utsette handsaminga av styringsdokumentet/prosjektplanen, med bakgrunn i at det skulle gjennomførast drøftingar med dei tillitsvalde. Rådmennene og tillitsvalde har i etterkant av møtet i midlertidig fellesnemnd. Den nyvalde fellesnemnda fikk ei orientering om dette i sitt første møte og det vert òg ein gjennomgang av prosjektplana i møtet. Versjon 1 er et godt utgangspunkt for ein prosjektplan, men det kan vere nødvendig å gjere nokre korrigeringar av versjon 1. Fellesnemnda ønsker at partssamansett utval tar ein gjennomgang av prosjektplana og kjem med innspel til endringar/korrigeringar før fellesnemnda handsamar prosjektplana på sitt møte den 18. oktober. Det er sannsynleg at det vil verte behov for å korrigere prosjektplana gjennom prosjektperioden, då vi på noverande tidspunkt ikkje har full oversikt over alle aktiviteter og milepelar i prosjektperioden. Prosjektplanen må ta opp i seg det vi pt har oversikt over. Innspel frå partssamansett utval er viktig for å sikre at prosjektplana blir eit best mulig grunnlag for det arbeidet som skal gjennomførast i prosjektperioden.

Midlertidig fellesnemnd vedtok i møte den 30. mai då, prinsipp for samarbeid, samordning og gevinstrealisering fram mot 2020. Prinsippdokumentet vil òg gjennomgåast i møtet, for å sikra felles forståing av innhaldet i dokumentet. Ein vil òg vurdere om prinsippdokumentet kan inngå i prosjektplana.

Tilråding:

Partssamansett utval har drøfta saka og kome fram til følgjande:

Ingen innstilling.

Vedlegg:

Vedlegg 1: Styringsdokument og Prosjektplan – versjon 1

Vedlegg 2: Dokumentet Prinsipp for samarbeid, samordning og gevinstrealisering fram til 2020